

## KOMMISJONSVEDTAK

2001/EØS/26/15

av 7. juli 1999

### om ei felles teknisk forskrift om krav til tilkopling til det digitale fleirtenestenettet (ISDN) av utstyr til digital utvida snorlaus telekommunikasjon (DECT) (2. versjon) (\*)

[meldt under nummeret K(1999) 2027]

(1999/498/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 98/13/EF av 12. februar 1998 om telemterminal- og satellittjordstasjonsutstyr, herunder gjensidig godkjenning av utstyrets samsvar<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 7 nr. 2 andre strekpunktet, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I samsvar med artikkel 7 nr. 2 første strekpunktet i direktiv 98/13/EF har Kommisjonen vedteke eit tiltak for å klarleggje kva type terminalutstyr som ei felles teknisk forskrift bør omfatte, og den tilhøyrande fråsegna om verkeområdet for forskrifa.
- 2) Dei tilsvarende harmoniserte standardane eller delar av dei som dei grunnleggjande krava skal gjennomførast ved hjelp av, og som skal gjerast om til felles tekniske forskrifter, bør vedtakast.
- 3) For å sikre at marknadstilgangen vert halden ved lag for produsentar, er det naudsynt å fastsetje overgangsføresegner for utstyr som er godkjent etter nasjonale forskrifter for typegodkjenning.
- 4) I samsvar med artikkel 29 nr. 2 i direktiv 98/13/EF er framlegget lagt fram for Utvalet for godkjenning av telemterminalutstyr (ACTE).
- 5) Den felles tekniske forskrifta som er vedteken i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå ACTE –

GJORT DETTE VEDTAKET:

#### Artikkkel 1

1. Dette vedtaket skal gjelde for terminalutstyr som skal koplast til eit offentleg telenett, og som fell inn under verkeområdet for den harmoniserte standarden som er nemnd i artikkel 2 nr. 1.

2. I dette vedtaket er det fastsett ei felles teknisk forskrift om tilkoplingskrav til DECT-utstyr som gjev tilgang til ISDN.

#### Artikkkel 2

1. Den felles tekniske forskrifta skal femne om den harmoniserte standarden som det rette standardiseringsorganet har utarbeidd, og som dei grunnleggjande krava i artikkel 5 bokstav c)-g) i direktiv 98/13/EF så langt råd skal gjennomførast ved hjelp av. Tilvisinga til standarden er førd opp i vedlegget.

2. Terminalutstyr som dette vedtaket omfattar, skal vere i samsvar anten med den felles tekniske forskrifta som er nemnd i nr. 1, eller med dei felles tekniske forskriftene som er fastlagde i kommisjonsvedtak 98/515/EF<sup>(2)</sup> og 97/523/EF<sup>(3)</sup> eller 1999/310/EF<sup>(4)</sup>. Dessutan skal utstyret stette dei grunnleggjande krava som er nemnde i artikkel 5 bokstav a) og b) i direktiv 98/13/EF, og krava i andre direktiv som gjeld for utstyret, særleg rådsdirektiv 73/23/EØF<sup>(5)</sup> og 89/336/EØF<sup>(6)</sup>.

#### Artikkkel 3

Når det gjeld terminalutstyr som kjem inn under artikkel 1 nr. 1 i dette vedtaket, skal dei melde organa som er peika ut til å gjennomføre dei framgangsmåtane som er nemnde i artikkel 10 i direktiv 98/13/EF, nytte den harmoniserte standarden som er nemnd i vedlegget, eller syte for at han vert nytta, når dette vedtaket tek til å gjelde, eller dei skal nytte dei harmoniserte standardane som er nemnde i vedlegga til vedtak 98/515/EF, 97/523/EF eller 1999/310/EF, eller syte for at dei vert nytta.

(\*) Denne fellesskapsrettsakta, kunngjord i TEF L 192 av 24.7.1999, s. 60, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 29/2000 av 31. mars 2000 om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fellesskapa nr. 27 av 15.6.2000, s. 7.

(1) TEF L 74 av 12.3.1998, s. 1.

(2) TEF L 232 av 19.8.1998, s. 7.

(3) TEF L 215 av 7.8.1997, s. 48.

(4) TEF L 119 av 7.5.1999, s. 57.

(5) TEF L 77 av 26.3.1973, s. 29.

(6) TEF L 139 av 23.5.1989, s. 19.

*Artikkelen 4*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utført i Brussel, 7. juli 1999.

*For Kommisjonen*

Karel VAN MIERT

*Medlem av Kommisjonen*

---

*VEDLEGG*

**Tilvising til den gjeldande harmoniserte standarden**

Den harmoniserte standarden som er nemnd i artikkel 2 i dette vedtaket, er:

Digital Enhanced Cordless Telecommunications (DECT); Integrated Services Digital Network (ISDN);  
Attachment requirements for terminal equipment for DECT/ISDN interworking profile applications

[Digital utvida snorlaus telekommunikasjon (DECT); digitalt fleirtenestenett (ISDN); tilkoplingskrav til  
terminalutstyr der DECT og ISDN verkar saman]

ETSI

Det europeiske standardiseringsinstituttet for telekommunikasjonar

Sekretariatet

EN 301 440 V1.2.2 – januar 1999

(utan forordet)

**Tilleggsopplysningar**

Det europeiske standardiseringsinstituttet for telekommunikasjonar er godkjent etter europaparlaments- og  
rådsdirektiv 98/34/EF.

Den harmoniserte standarden som er nemnd ovanfor, er utarbeidd i medhald av eit mandat som er gjeve  
etter dei aktuelle framgangsmåtane i direktiv 98/34/EF.

Den fullstendige teksta til den harmoniserte standarden som er nemnd ovanfor, kan skaffast frå:

Det europeiske standardiseringsinstituttet for telekommunikasjonar  
650, route des Lucioles  
F-06921 Sophia Antipolis Cedex

eller

Europakommisjonen  
DG XIII/A.2 – (BU 31, 1/7)  
Rue de la Loi/Wetstraat 200  
B-1049 Brussel

eller frå andre organisasjonar som har ansvaret for formidling av ETSI-standardar. Ei liste over desse  
organisasjonane er å finne på Internett-adressa [www.ispo.cec.be](http://www.ispo.cec.be).